

Referat frå styremøte i Valldal IL

Tid: Måndag 22.10.2012 kl 19.30-22.15

Stad: Klubbhuset- Omenås

Desse møtte: Einar Hoel, Yvonne Dale, Arvid Frostad, Trond Håvoll, Torkjell Bjørstad, Ellisiv Valdal Jarvik (fotball), Aksel Indreeide (langrenn), Magne Eivind Glomnes (friidrett) Dagrunn Rem (trim)

Sak 1: Orientering frå gruppene (status)

Trim - årets fjelltrim er avslutta. Om lag 50 trimkort er returnert, og vinnarar vert trekt i løpet av komande veke. Trimgruppa var med å arrangerte Jordmormarsjen i august. Får tilført kr 5.000 av årets overskot.

Friidrett - sesongen er avslutta. Premieutdeling for V/L cup til dei som har vore på minst 3 cupar. 21 personar frå Valldal hadde gjort seg fortent til premie.

Langrenn - treningar er i gang. Inne på Samfunnshuset på torsdagar, barmark på tysdag. Lita oppslutning om tilbod på laurdag. 16 deltakarar på helgesamling i Tafjord. Arbeider med oppstart skiskyting til komande vinter. Sport1 Tomra er med på klubbkveld i første del av november. Klubbdressar vert vidareført. Skirenn komande sesong; V/L cup, sonerenn og kretsrenn/SBM-cup 23.3.13. Lysløypa er slått og rydda til sesongen. Avtale om løypekøyring til Omenås Hyttegrend; avtale med grunneigarar må vere i orden.

Fotball - siste heimekampar er spelt, sesongen snart over. Lag påmeldt i futsal-serie J12 og futsal-KM G14. Bingo 25.11. Avtale med Rongve har tilført fotballgruppa utstyr verd kr 10.000. Treningar på Samfunnshuset er starta opp for nokre aldersgrupper. Har bra med treningstider.

Hovedstyret - Søknad om spelemedilar til utstyr; aktuelle søknadsobjekt: rulleski, utstyr skiskyting, tidtakarutstyr. Idrettskulen er starta opp for 1.-4. klasse. 30 påmeldte. 3 elevar frå Stranda v.g.s. er leiarar. Minner om at trenarar/leiarar for barn skal ha politiattest. Gruppene har ansvaret for "sine". Det har kome innspel om å halde det ryddig på bane og kiosk. Grupper som har arrangement har ansvar for å følgje opp. Supplering av medisinskrin i fotball, ansvar matrialsvarleg. Gruppene må levere rekneskapsbilag ti Norddal Rekneskapskontor.

Sak 2: Klubbhuset

Det er sendt søknad om førehandsgodkjenning av rehabilitering av klubbus. Kostnadsramme totalt kr 750.000. Aktuellt tidspunkt for gjennomføring er perioden fram til nyttår for innandørs arbeid og vår 2013 for overbygg inngangsparti og kiosk. Avgjerande for arbeid i haust er at arbeid kjem i gong snart og kjøkken med utstyr kan leverast snarast råd. Gruppe som arbeidde med planar for arbeidet vert vidareført. Dette gjeld Glenn Rognsø, Yvonne Dale, Hillevi Hovden, Alf Hoel og Arvid Frostad som også får ansvar for å sette i gang

arbeidet. Gruppa får ansvar for å gjøre nødvendige avtalar og innkjøp innanfor ei ramme på kr 750.000 inkl mva. Bruk av handverkarar kan vere nødvendig for rask gjennomføring i staden for bruk av dugnad.

Sak 3: Klubbgenser

Det føreligg tilbod på klubbgenser frå Sport1 Tomra. 3 ulike typer av ulik kvalitet og pris. Det vart enighet om Umbro-genser i kongeblå. Pris kr 210,- inkl trykk. Brodering av klubbemblem. Tilbod til 3-4 sponsorar om reklame. Pris i sal, inntil kr 150 pr genser. Det vert tinga 150 genserar i ulike storleikar når reklame er klar. Spørsmål om sal gjennom Frivilligsentralen.

Sak 4: Olsok 2013 – Mefjellet opp

Evaluering av arrangement i 2012 oppsummerte med at arbeid med eventuelt arrangement i 2013 må kome tidleg i gang.

Styret går inn for å arrangere Mefjellet opp og Olsok i 2013. Som førebels arbeidsgruppe vert følgjande oppnemnd: Monica Rødven, Gro Marita Stennes Valdal, Torgeir Sunde, Magne Eivind Glomnes, Lisbeth Torvik og Kjell Vad. Desse får ansvar for ulike delar av arrangement og supplert med fleire medlemmar. Einar får ansvar å kalle saman nemnde personar til oppstartsmøte.

Sak 5: Fellesutgifter

Sist år vart det overført til saman kr 60.000 frå gruppene for dekning av fellesutgifter. Rekneskap viser at det i 2011 var utgifter på kr 155.000 til fellestiltak. Dette er til drift av hus, anlegg og utstyr og andre fellesutgifter, t.d. rekneskapsføring. Samstundes kom det inn om lag kr 240.000 i felles inntekter; medlemskontingent, kulturmidlar, aktivitetsmidlar, grasrotandel, mva-kompensasjon, aktivitetsmidlar m.m . I 2012 kjem Olsok i tillegg med netto om lag kr 100.000.

Det vart bestemt at i 2012 skal det ikkje trekkast inn fellesutgifter. I tillegg vert kr 30.000 av overskot på olsok ført over til gruppene; fotball og langrenn kr 10.000, trim og friidrett kr 5.000. Dette gjeld for 2012 og kan verte endra i komande år.

6. Sandvolleyballbane

Utsett i påvente av vedtak i Valldal Grønt

7. Rehabilitering av stadion

På siste møte vart det utpeika ei nemnd på 3 personar. Kenneth Hovden har bedt om fritak. I tillegg vert det meldt tilbake at nemnda bør ha 5 medlemmar. Aktuelle er Viktor Valdal, Torkjell Døving, Tanja Jolibert og Kjersti Magnussen. Desse vert førespurd og kjem i tillegg til Anders Rem og Håvard Sunde. Einar har ansvar for at komplett nemnd kjem vidare i arbeidet.

8. Finansiering av skiskyttarutstyr

Ikkje meldt noko særskild sak frå langrennsgruppa, vert difor utsett

9. Eventuellt

Arvid tek jobb med å sprøyte gras/ugras på gamle og nye stadion. Trond og Aksel tek jobben med å ta ned gjerde på Idavollen. Netting skal lagrast for oppsetting neste år. Busker/kratt skal slåast men må kanskje avvente til neste år.

Ta Kwon Doe ønskjer å verte innteken i Valldal IL. Dei vert bedt om å sende ein forespørsel for behandling ved førstkomande årsmøte.

Einar Hoel

ref